



Innkalling
av
Valstyret

Møtedato: 24.03.2021
Møtestad: Digitalt møte via Teams
Møtetid: kl. 18:00 - 19:00 eller etter formannskapsmøtet er ferdig

Eventuelle forfall må meldast i Kaukus eller til Bente Skjerping per tlf. 56192100, sms til eller per epost til bente.skjerping@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
008/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/21	Godkjenning av møtebok
010/21	Stortingsvalet 2021 førebels oppteljing av valtingsrøyster
011/21	Val av røystestyre for perioden 2020 - 2023
012/21	Stortingsvalet 2021 - mottak og handsaming av førehandsrøyster

16. mars 2021

Lars Fjeldstad
Ordfører

Bente Skjerping
utvalssekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/21	Valstyret	PS	24.03.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	21/627

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/21	Valstyret	PS	24.03.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	21/627

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 10.02.2021

Møteprotokoll frå vert godkjend.

Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.

Møteprotokoll for Valstyret

Møtedato: 10.02.2021
Møtestad: Osterøy rådhus - heradsstyresalen
Møtetid: kl. 17:00 - 18:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Hjalti Heimir Gislason	H	Nestleiar
Lars Fjeldstad	SP	Utvalsleiar
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Tone Mjelde	SV	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
001/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/21	Godkjenning av møtebok
003/21	Stortingsvalet 2021 - Delegering av mynde til Valstyret
004/21	Stortingsvalet 2021 - røystekrinsinndeling og røystetider
005/21	Uttreden av rolle som medlem av heradsstyret for perioden 2019-2023, for AP, grunna flytting frå kommunen
006/21	Uttreden av rolle som varamedlem av heradsstyret for perioden 2019-2023, for AP, grunna fråflytting
007/21	Uttreden av rolle som varamedlem i Heradsstyre for perioden 2019-2023, for SV, grunna fråflytting

001/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

10.02.2021 VALSTYRET

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

VS - 001/21 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

002/21: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå vert godkjend.

10.02.2021 VALSTYRET

Det var ingen merknader til protokoll frå 10.09.2019

VS - 002/21 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 10.09.2019 vert godkjend.

003/21: Stortingsvalet 2021 - Delegering av mynde til Valstyret

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

“Mynde til å velja medlemmer, varamedlemmer, leiar og nestleiar i røystestyra vert delegert til valstyret. Delegeringsvedtaket gjeld for heile valperioden.”

10.02.2021 VALSTYRET

AVRØYSTING:

Rådmanen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

VS - 003/21 VEDTAK:

Mynde til å velja medlemmer, varamedlemmer, leiar og nestleiar i røystestyra vert delegert til valstyret. Delegeringsvedtaket gjeld for heile valperioden.

004/21: Stortingsvalet 2021 - røystekrinsinndeling og røystetider

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Valtinget 13.09.2021 vert halde på desse stadene og med slike opningstider:

Lonevåg krins	Lonevåg skule	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Haus krins	Haus skule, gymnastikksalen	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Bruvik krins	Bruvik helselag sitt fellesrom i aldersbustadene	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Hauge krins	Skulebygget/vaksenopplæringa	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Fotlandsvåg krins	Skulebygget	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Valestrand krins	Skulebygget, gymnastikksalen	Kl. 12.00 – kl. 20.00

10.02.2021 VALSTYRET

AVRØYSTING:

Rådmanen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

VS - 004/21 VEDTAK:

Valtinget 13.09.2021 vert halde på desse stadene og med slike opningstider:

Lonevåg krins	Lonevåg skule	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Haus krins	Haus skule, gymnastikksalen	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Bruvik krins	Bruvik helselag sitt fellesrom i aldersbustadene	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Hauge krins	Skulebygget/vaksenopplæringa	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Fotlandsvåg krins	Skulebygget	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Valestrand krins	Skulebygget, gymnastikksalen	Kl. 12.00 – kl. 20.00

005/21: Uttreden av rolle som medlem av heradsstyret for perioden 2019-2023, for AP, grunna flytting frå kommunen

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmann gjer ikkje framlegg til vedtak i valsaker

10.02.2021 VALSTYRET

Ordføreren gjorde slikt framlegg: Aleksander Thunestvedt går inn som fast medlem av heradsstyret for AP i inneverande kommuneval periode. Glenn Andre Vik og Roger Nese kjem inn som nye varamedlem for AP

AP sin varaliste vert difor sjåande slik ut:

1. Herdis Helle
2. Arnstein Borge
3. Evy Bysheim Pedersen
4. Andrea Hartveit
5. Geir Olsen
6. **Glenn Andre Vik**
7. **Roger Nese**

AVRØYSTING:

Ordføreren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

VS - 005/21 VEDTAK:

Aleksander Thunestvedt går inn som fast medlem av heradsstyret for AP i inneverande kommuneval periode. Glenn Andre Vik og Roger Nese kjem inn som nye varamedlem for AP.

AP sin varaliste vert difor sjåande slik ut:

1. Herdis Helle
2. Arnstein Borge
3. Evy Bysheim Pedersen
4. Andrea Hartveit
5. Geir Olsen
6. **Glenn Andre Vik**
7. **Roger Nese**

006/21: Uttreden av rolle som varamedlem av heradsstyret for perioden 2019-2023, for AP, grunna fråflytting

Rådmannen sitt framlegg:

10.02.2021 VALSTYRET

Ordføreren gjorde slikt framlegg: Roger Nese går inn som nytt varamedlem for AP i inneverande

kommuneval periode.

AP sin varaliste vert difor sjåande slik ut:

1. Herdis Helle
2. Arnstein Borge
3. Evy Bysheim Pedersen
4. Andrea Hartveit
5. Geir Olsen
6. **Glenn Andre Vik**
7. **Roger Nese**

AVRØYSTING:

Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

VS - 006/21 VEDTAK:

Roger Nese går inn som nytt varamedlem for AP i inneverande kommuneval periode.

AP sin varaliste vert difor sjåande slik ut:

1. Herdis Helle
2. Arnstein Borge
3. Evy Bysheim Pedersen
4. Andrea Hartveit
5. Geir Olsen
6. **Glenn Andre Vik**
7. **Roger Nese**

007/21: Uttreden av rolle som varamedlem i Heradsstyre for perioden 2019-2023, for SV, grunna fråflytting

Rådmannen sitt framlegg:

10.02.2021 VALSTYRET

Ordføraren gjorde slikt framlegg: Grethe Blaaflat Holsen går inn som nytt varamedlem for SV i inneverande kommuneval periode.

SV's varaliste vert difor sjåande slik ut:

1. Roald Åge Kleppe
2. Roy Håkon Jenssen
3. Synne Thunestvedt
4. Herborg Røskeland
5. **Grethe B. Holsen**

AVRØYSTING:

Ordføreren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

VS - 007/21 VEDTAK:

Grethe Blaaflat Holsen går inn som nytt varamedlem for SV i inneverande kommuneval periode.

SV's varaliste vert difor sjåande slik ut:

1. **Roald Åge Kleppe**
2. **Roy Håkon Jenssen**
3. **Synne Thunestvedt**
4. **Herborg Røskeland**
5. **Grethe B. Holsen**

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Tone Mjelde og Rita Tveiten

Lonevåg, 12.02.2021

Runar Ludvigsen
Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/21	Valstyret	PS	24.03.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	21/54

Stortingsvalet 2021 førebels oppteljing av valtingsrøyster

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Førebels oppteljing av valtingsrøystene vert halden i krinsane ved stortingsvalet 2021.»

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Etter at valtinget er avslutta, skal røystestyra telja opp røystesetlane i urnene. Talet på røystesetlar skal førast i protokollen for røystestyret. Denne ordninga har truleg samanheng med at det ikkje lenger vert nytta røystesetelkonvolutt på valtinget, då med unntak for røyster som vert lagt i særskild omslag.

I Osterøy har ein ved tidlegare val hatt førebels oppteljing i krinsane. Røystestyret må i alle høve telja setlane, og det tek då ikkje så mykje lenger tid å sortera på parti og gjennomføra førebels oppteljing for kvar krins. Dette gir også det raskaste oppteljingsresultatet frå grovteljinga.

I tillegg kjem kravet i valforskrifta om at førebels oppteljing av røystene skal skje manuelt. Manuell oppteljing inneber at oppteljinga skjer for hand, utan bruk av maskiner. For å praktisk kunne gjennomføre ei manuell oppteljing, må dette skje i krinsane eller på rådhuset. Grunngevinga for dette kravet er at det skal sikre legitimiteten til valresultatet.

Erfaringa med krinsvis oppteljing er god, og ein kjenner ikkje til noko som tilseier at ein skal endra på dette. Krinsvis oppteljing føreset at det er minimum 100 personar med røysterett i krinsen, jfr. Vallova § 10-4, 2. Ved færre manntalsførte må ein telja fleire krinsar saman.

Førehandsrøystene vert talde sentralt tidlegare på valdagen, om mogeleg dagen før.

Vurdering

Det er viktig å få resultatet frå grovteljinga fram så fort som råd, og krinsvis oppteljing er då den beste løysinga. I Osterøy er alle krinsar store nok til å ha grovteljing. Rådmannen rår difor til at ein held fram med førebels oppteljing i krinsane. Då kan krinsen starta oppteljinga umiddelbart etter at valtinget er avslutta, medan ein ved sentral oppteljing må venta til alle

krinsrøystene er komne inn.

Folkehelse	-	ikkje vurdert i saka
Miljø	-	ikkje vurdert i saka
Økonomi	-	ikkje vurdert i saka

Konklusjon

Førebels oppteljing av valtingsrøystene vert gjort i krinsane. Saka vert lagt fram for valstyret til handsaming og avgjerd.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/21	Valstyret	PS	24.03.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	21/334

Val av røystestyre for perioden 2020 - 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert vald følgjande medlemmer og varamedlemmer til røystestyra for perioden 2020 – 2023:

.....

Rådmannen får fullmakt til å oppnemne valmedarbeidarar til krinsane til støtte for røystestyra.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det må veljast nye røystestyre for inneverande valperiode, d.v.s. for stortingsvalet 2021 og kommunestyre- og fylkestingvalet 2023.

Det er sendt brev til medlemmer og varamedlemmer i røystestyra ved valet i 2019 der dei vert bedne om å stadfesta om dei ynskjer val for ny periode eller ikkje. Det er bra å ha litt kontinuitet i røystestyra, slik at ikkje alle blir skifta ut samstundes.

For valet gjeld reglane i kommunelova § 7-2 om kven som kan veljast og at vedkomande må gi samtykke til å stilla til val. Representasjon frå begge kjønn og administrativ kompetanse er viktig å ha med i røystestyra.

Ved valet i 2019 hadde røystestyra slike medlemmer og varamedlemmer:

Bruvik krins

Medlemmer

Kristin-Merethe Nøttveit, leiar
Svein Bruvik, nestleiar
Asbjørg Karin Ågotnes
Ole Johan Faugstad

Varamedlemmer

1.Laila Fanebust Helle
2.Jorunn Hermansen

Kristin-Merete Nøttveit stiller ikkje til attval. Svein Bruvik er flytta frå kommunen og går ut. Asbjørg Ågotnes, og Ole Johan Faugstad har begge takka ja til attval.

Haus krins

Medlemmer

Astri Margrethe Riple Ådland, leiar
Øystein Borge, nestleiar

Varamedlemmer

1. Ingvald Ådland
2. Knut Riple

Ottar Borge
Ragna Thunestvedt
Marit Velure Andersen

3. Mariann Nessestrand Mjøs
4. Åge Nordås

Ingvald Ådland og Mariann Nessestrand Mjøs har begge takka ja til å stilla til attval.
Ingen av dei andre medlemmene/varamedlemmene har så langt takka nei til å stilla til val.

Hauge Krins

Medlemmer

Steinar Reigstad, leiar
Tone Daltveit Mosevoll, nestleiar
Roald Hauge
Randi Birkeland

Varamedlemmer

1. Arne Dag Kleiveland
2. Ingunn Marie Rød Vesterheim

Steinar Reigstad, Arne Dag Kleiveland og Ingunn Marie Rød Vesterheim har takka ja til å stilla til attval.

Ingen av dei andre medlemmene/varamedlemmene har så langt takka nei til å stilla til attval.

Lonevåg krins

Medlemmer

Rune Solberg, leiar
Kari Brekke, nestleiar
Jorunn Jacobsen
Kristin Hanstvedt Bergan
Marit Hovden

Varamedlemmer

1. Irene Fanebust Eknes
2. Gerd Kari Njåstad
3. John Solberg

Rune Solberg har takka ja til attval som leiar. Kari Brekke, Marit Hovden og John Solberg har takka ja til å stilla til attval.

Ingen av dei andre medlemmene/varamedlemmene har så langt takka nei til å stilla til attval.

Fotlandsvåg krins

Medlemmer

Bente Gro Dammen, leiar
Kristin Ruud Myking, nestleiar
Egil Hjelmbrække
Hildegunn Karlsen Grøtte
Kari Nordås

Varamedlemmer

1. Linda Bjørndal
2. Lars Magne Bysheim

Egil Hjelmbrække har takka ja til å stilla til attval.

Ingen av dei andre medlemmene/varamedlemmene har så langt takka nei til å stilla til attval.

Valestrand krins

Medlemmer

Ove Håland, leiar
May Elin Haugland, nestleiar
Jens Brakvatne

Varamedlemmer

1. Hein Rune Tøsse
2. Jørgen Håland
3. Malin Høvik

June Eikeland
Bente Elvik

Ove Håland og June Eikeland har takka nei til å stilla til attval. May Elin Haugland stiller sin plass til disposisjon for ny medlem.

Ingen andre dei andre medlemmene/varamedlemmene har så langt takka nei til å stilla til attval.

Vurdering

Koronasituasjonen gjer det vanskelegare å vurdera behovet for medlemmer og varamedlemmer i røystestyra. Sjølv om det etter planen skal vera mange som er vaksinerte i god tid før valet, må ein likevel ta høgde for at det kan oppstå situasjonar med smitte og karantene. Korleis dette best kan løysast er fortsatt usikkert, men det er viktig å ha reservepersonell som kan gå inn på valdagen. Desse må på førehand ha gjennomgått opplæring.

Dersom rådmannen har ein «pool» med valmedarbeidarar, kan desse setjast inn den krinsen det er behov. Fram mot valet må ein vurdera situasjonen og velja løysingar og tiltak ut frå kva sentrale mynde tilrår. Det er og naturleg å sjå på korleis andre kommunar løyser dette.

- Folkehelse - følgja eigen smittevernrettleiar for gjennomføring av valet og ha nødvendige smitteverntak
- Miljø - ikkje vurdert i saka
- Økonomi - det er lagt inn midlar i budsjettet til gjennomføring av valet, men ekstra-kostnader som måtte følgje av ekstra smitteverntiltak er ikkje teke høgde for.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for valstyret for val av medlemmer og varamedlemmer til røystestyra.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
012/21	Valstyret	PS	24.03.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	21/54

Stortingsvalet 2021 - mottak og handsaming av førehandsrøyster

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

”Rådmannen får fullmakt til å oppnemna personell til mottak, handsaming og godkjenning av førehandsrøystene i samband med stortings- og sametingsvalet 2021. Vedtaket vert gjort i medhald av kommunelova § 13, 6. ledd.”

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samband med tidlegare val har det vore oppnemnd faste personar til å opna og godkjenna førehandsrøystene.

Valstyret er eit folkevald organ etter kommunelova og reglane for val, sakshandsaming i utvalet og delegeringsmynde gjeld difor. Etter kommunelova § 13, 6. ledd kan kan valstyret delegera mynde til rådmannen i ikkje-prinsipielle saker, og oppnemning av valmedarbeidarar og røystemottakar er eksempel på saker der valstyret kan delegera mynde til rådmannen.

Nye arbeidsmåtar som følgje av ny teknologi gjer at ein treng mindre mannskap til arbeidet med innkomne førehandsrøyster. Kommunen må også leggja til rette for førehandsrøysting til sametingsvalet. Eventuelle mottekne røyster til sametingsvalet vert vidaresende til Sør-Norge valkrets utan noko meir handsaming i kommunen.

Organisering og gjennomføring av sjølve førehandsrøystinga krev no meir ressursar då ansvaret for denne oppgåva er lagt fullt ut til kommunen. Strengare krav til gjennomføring og smittevernsyn gjer denne oppgåva meir personellkrevande.

Vurdering

Mottak og handtering av førehandsrøystene vert gjort administrativt og det er difor mest praktisk at rådmannen får fullmakt til oppnemning av personell etter det som ei kvar tid er behovet, og dersom det skulle oppstå behov for meir personell grunna fråver og/eller sjukdom. Dette har også vore praksis ved tidlegare val.

Folkehelse - ikkje vurdert i saka
Miljø - ikkje vurdert i saka
Økonomi - ikkje vurdert i saka

Konklusjon

Saka vert lagt fram til handsaming og avgjerd.